

måndag 25. april 2022

Frå Arvid Villanger  
Rossnesvegen 414, 5937 Bøvågen  
Tlf. 91661283, e-post: [arvid.Villanger@icloud.com](mailto:arvid.Villanger@icloud.com)

**Søknad om oppretting av hjortevald på gardsnummer 418, bruksnummer 6 og 9 på Villanger**

Som jaktrettshavar, vil eg med dette søkja om å få ivareta jaktretten eg har på min eigedom gjennom oppretting av eige vald. Eg ønskjer også å få løyve til «kvotefri felling av hjortekalv» på min gard.

Eg har tidlegare søkt om å få godkjent eigedomen som eige vald, utan å lukkast. Eg har også prøvd å få avtale om å få eige jaktfelt på min gard, utan å lukkast. Grunna store samarbeidsvanskar med naboane som er i Risnes hjortevald, er eg ikkje medlem der. Eg vil uansett forbeholda meg retten til å fella hjort på min eigedom. Slik stoda er no, vil det vera til hinder for felling av hjort på min gard dersom kommunen avslår søknad om oppretting av eige vald på garden.

Eg viser også til «Forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlagt for tildeling av fellingsløyve på hjort, Alver kommune, Vestland» der det i § 2. «Minsteareal» går fram at gardsnummer 418-479 og 490-502 på Radøy med Toska og Marøy har eit minsteareal for godkjenning av fellingskvote på 350 daa. Eg har eit totalareal på over 400 dekar og svært konservativt rekna vil eg ha 382,6 daa samanhengande og avgrensa vald saman med hyttefolka (Arve Rosnes og Jon Michelsen). Rosnes og Michelsen har skrive under på at feira eigedom ar skal inngå i valdet (sjå søknad 2022). Dette arealet overstig minstearealet for hjortevilt. Området er difor godt eign for jakt på hjort.

Underteikna, Arvid Villanger vil stå som valdansvarleg representant og opptre på vegne av valdet overfor kommunen. Willy Villanger skal stå for jakta på eigedomane. Han er valdansvarleg på Litlelindås, og jaktar for fleire grunneigarar i Austrheim. Vi har difor den kompetanse og erfaring som skal til for å jakta på forsvarleg måte.

Tabellen under viser oversyn over medlemmer i valdet, med adresse, gnr. /bnr. samt teljande areal som skal leggjast til grunn for oppretting av valdet. Vedlagt er også kart over grunneigedomane i valdet.

<b>Medlemmer i valdet:</b>	<b>Adresse</b>	<b>Gnr/bnr</b>	<b>Teljande Areal</b>
Arve Rosnes	Rossnesvegen 481, 5937 Bøvågen	418/19	26,7
Jon Michelsen	Rossnesvegen 455 5937 Bøvågen	418/30	1,7
Arvid Villanger	Rossnesvegen 414,	418/ 9 og 6	354,2


	5937 Bøvågen		
Totalt samanhengande areal			382,6

Valdansvarleg representant

*Arvid Villanger*

Arvid Villanger

# Jakt felt Arvid Villanger



0 50 100 150m

Målestokk 1 : 7500 ved A4 utskrift  
Utskriftsdato: 08.09.2014

GÅRDSKART 1260-18/9  
Tilknyttede grunneiendommer:  
18/9 - 18/6



## Markslog (AR5) 13 klasser TEGNFORKLARING

	Fulldyrka jord
	Overflatedyrka jord
	Innmarksbeite
	Skog av sær hø bonitet
	Skog av hø bonitet
	Skog av middels bonitet
	Skog av lav bonitet
	Uproduktiv skog
	Myr
	Åpen jorddekt fastmark
	Åpen grunnlendt fastmark
	Bebygg, samf, vann, bre
	Ikke klassifisert
<b>Sum:</b>	

## AREALTALL (DEKAR)

	36.0	
	6.8	
	19.0	61.8
	9.2	
	129.0	
	0.0	
	0.0	
	34.7	172.9
	123.9	
	23.4	
	42.8	190.1
	4.8	
	0.0	4.8
<b>Sum:</b>	429.6	429.6

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajournføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressursgrenser

□ Eiendomsgrenser